



Bjørn på langs

Side 32-36



Kortreist: Slåttekatur

Side 44-45



I dag:
23
sider
lørdag

Romsdals Budstifte

Lørdag 24. oktober 2015 | Uke 43 | Nr 247 | Årgang 173 | www.rbnett.no | Løssalg kr 30,-

Hjelp før døden

Lillian Kleppen roser oppfølging av ektemannen

■ ■ Ragnar Kleppen (81) fra Bud døde av kreft i april 2014. I tida før han sovnet inn fikk han og kona Lillian tett oppfølging fra helsearbeidere i Fræna og lindrende team på sjukehuset. – Ragnar var rolig i møte med døden, sier Lillian Kleppen (77).

■ ■ Gjennom det prosjektene «Lindring på tvers» og «Sammen for lindring» har Fræna kommune satt søkelyset på oppfølgingen av døende pasienter. Samtaler om døden er en del av opplegget.



Takknemlig: – Jeg hadde ikke innbilt meg at det helsevesenet kunne fungere så bra, sier Lillian Kleppen (i midten). Kreftkoordinator Bente Winsjansen (t.v.) og geriatrisk sjukepleier Theresa Iversen fulgte Lillians ektemann Ragnar tett den siste tiden han levde.

FOTO: RIGMOR SJAASTAD HAGEN

LØRDAG side 40-43



Daniel Berg Hestad.

Er med videre i Europa

side 26-27

Tapte kampen for Romsdal i Sandøy

side 4



Bjørge Ødegaard (89).

Heime etter lårhalsbrudd

side 18-19

PRIS FEST

22. - 24. OKTOBER

PÅ AMFI ROSEBY

SUPERTILBUD!



MØT DORA I DAG
Kl. 11

VINN WEEKEND-OPPHOLD
under prisen!

AMFI ROSEBY

10-20 (18) AMFI/ROSEBY

AMFI Mye å glede seg til... Alltid.



Stemming: Det var en helt spesiell stemming på Aker stadion torsdag kveld. Om to uker tennes flomlyset på Celtic Park. **FOTO: ERIK BIRKELAND**

Festkveld under flomlyset

Det første minnet jeg har av flomlys på en fotballkamp er over 20 år gammelt. Det var en høstdag i 1994. For første gang i mitt liv skulle jeg se mitt engelske favorittlag på ordentlig. Det var mørkt. Det regnet. Det var pappa, broren min og meg. Vi hadde gledet oss i flere uker. Vi hadde vært på kveldskamper før, men denne gangen føltes det som om lyset hadde en slags tiltrekningskraft. Alle gikk mot stadion, vi tre sprang nesten. Det var hese fotballsanger, lukta av hamburgere med løk og regnvåte supporterskjær.

Den samme følelsen hadde jeg på mange måter torsdag kveld. Helt siden trekningen ble klar har jeg gledet meg spesielt til Celtic. Når engelske fotballklubber skal feire sine helter med en såkalt «Testimonial» er Celtic favorittmotstanderen. Årsaka er enkel: Klubben skaper en helt egen stemming. Det har det også vært i Molde denne uka. Jeg tør ikke tenke på hva som hadde skjedd dersom noen tilreisende bortesupportere fra den norske eliteserien hadde tatt samme eierskap til byens utesteder som våre skotske gjester. Men dette er Europa League. Vi får en annen rolle som vertskap. Derfor fikk sjølsagt bortefansen «ta over» hele supporter-puben 1911.

Ute i stormen på Aker stadion virket spillerne skjerpet. Ballen regelrett blåste Moldes veg. Da Vegard Forren sendte MFK to mål foran ble de skotske supporterne overraskende stille. På nettet kokte det. Ole Gunnar Solskjærs navn gir en helt egen oppmerksomhet. BBC sin Twitter-konto oppsummerte onsdagens kamper slik: «Klopp får sin debut på Anfield, Tottenham møter Anderlecht og Solskjær angriper Celtic». Da sluttsignalet gikk var det jubel, glede, tårer og omfavnelser. I de neste timene kunne man se hvor mye fotball betyr for mange av innbyggerne i Romsdal. Samtidig hamret de skotske journalistene hardt på tastaturet i et forsøk på å finne de beste ordene til å beskrive elendigheten.

Da jeg i morgentimene i går hastet mot Alexandra for å rekke et møte sto en kar utenfor 1911 med en vannslange. Det hadde regnet hele natta, men fortauet måtte likevel spyles. Jeg spurte hvordan det så ut inne, og han svarte: «Ikke så galt som jeg hadde fryktet». Inne i resepsjonen satt en gruppe grønn- og hvitkledd og ventet på transport til flyplassen. De virket trøtte, men klare for heimreisen. I løpet av to dager satte skottene sitt preg på byen. Nå kan kanskje MFK-supporterne få tilbake puben sin?

God helg!



Ole Børner
Loe Welde
ansvarlig redaktør

FRI helg

Mange har gått Norge på langs, men Bjørn Tomren er den einaste som har gjort turen fire gonger. Til fots, på ski, med kajakk og no også med robåt!

Norge på lar



Roaren: Bjørn Tomren ror strekninga mellom Tungeneset på Randaberg utanfor Stavanger til Obrest

Vi ror sakte mot sør. Tungt. Straumsjø og krappe bølger står rett i mot. Havet durar og marmar, og det er svarte natta. Bjørn tar fram mobiltelefonen og ser på sjøkartet.

– 1,2 nautiske, seier han. Snart er vi i mål, på sørpissen av Norge.

Eg kjenner at det røyner på no. Vi har rodd mot vind, bølger og havstraum sidan vi starta frå Lista i dag tidleg. Det er tungt, og det tar tid. Planen var å vere framme i god tid før det vart mørkt. Den illusjonen gjekk i havet saman med ei blodraud sol eit godt stykke vest av Lindesnes for eit par timar sidan. Kort tid etter var det mørkt. Bekmørkt. Nei, forresten ikkje heilt. Stjernene lyser over oss og morilden slår gneister rundt årane. Dessuten flamar lyset frå Lindesnes fyr opp med jamne mellomrom. Kva er det for ein lyd? Eit brott? Begge snur oss på tofta og ser i retning mot den utrivelege lyden frå opprørt sjø som slår mot eit under-vass-skjær. Igjen tar høvedsmannen fram mobiltelefonen sin, skrollar seg fram til Lindesnes og finn den lumske grunna på sjøkartet. Vi styrer unna og snart passerer vi

kvitpiska sjø mot svart berg i trygg avstand rett til venstre for oss. Nei, babord meiner eg, sjølv sagt.

Utfordringa. Eg sit i ein robåt, ein vakker og smekker oselvar, saman med tomrefjordingen Bjørn Tomren. Han starta 7. juni i Honningsvåg i Finnmark, ved Norges nordlegaste utpost, Nordkapp. Målet var å nå Lindesnes lengst sør i Norge i løpet av sommaren. For vel fjorten dagar sidan fekk eg telefon frå han med eit tilbod eg ikkje kunne seie nei til. – Vi du vere med som gjesteroar frå Haugesund til Lindesnes?

Eg brukte ikkje mange sekund på å svare. Eit par minutt seinare hadde eg fått løyve frå sjefen heime på Sivertplassen og i Budstikka, og bestilt flybillett til Haugesund. Slik vart eg hyra på som gjesteroar nummer 13 på «Bjørn på langs-ekspedisjonen 2015».

Heilt sidan eg fekk nyss om kva denne tomrefjordingen hadde sett av sommaren til, hadde eg følgt med korleis det gjekk på roferda nedover kysten frå Finnmark. Bloggaren for

| reportasje |

Iver Gjelstenli (tekst og foto)
iver.gjelstenli@r-b.no

ngs for fjerde gong



ad på Jæren. Her nærmar han seg Jæren rev. Norge på langs-turen med ein oselvar starta i Honningsvåg ved Nordkapp 7. juni.

ALLE FOTO: IVER GJELSTENLI

«Bjørn på langs», forfattaren og oselvar-entusiastane Kjell Magnus Økland, kom med rapportar om mangt og mykje både frå sjøen, møte med kystfolk, besøk på ymse kroer og barar. Han skreiv også om då Bjørn vart vêrfast etter dag ein, og drog tilbake til Honningsvåg for å syngje og jodle på Honningsvåg mannskorfestival medan han venta på betre vêr.

Ja, for sjølvsagt handlar ikkje dette berre om roing, men også om musikk, overtonesang, strupesang, jodling og mykje meir. For som dei fleste vil vite er Bjørn Tomren (34) også kjend som jodlaren i bandet «Polka-Bjørn og Kleine Heine» der han opptrer saman med trekkspelarane Heine Bugge. I det siste har dei to også slått seg saman med Ole Paus i visegruppa «Kniven på strupen». Og her er meir han er med på: Strupesangtrioen Huard Altan Hangai Tu, americana-bandet The Thomas Quickstep Experience, salmesangtrioen Samantha Foxtrout (med Hallvar Djupvik og Reza Aghamir),

elektronika duoen FIK med Sandra Kolstad, pønkbandet Tomra Konfeksjon, det kantonnesiske Neil Young cover-bandet Ni Hong And te Clay He Hos og han jobbar no også med eigen soloplate.

Over Hustadvika. Mitt første møte med «Bjørn på langs-ekspedisjonen» var ein solvarm sommardag på Håholmen utanfor Atlanterhavsvegen. Saman med sin gjesteroar nummer 7, tomrefjordingen Trond Kjersem, hadde han starta frå Kristiansund om morgonen tysdag 28. juli. Målet for dagen var Bud, men først var det pause og ein god klippfiskmiddag på Håholmen.

Det var difor alt langt på dag då vi kasta loss med kurs for Hustadvika og Bud. Trond og Bjørn ved årane i oselvaren, eg i kajakken min med kamera rundt halsen og skriveblokk på dekk. Ute i den ytre leia hadde vi også med oss seglaren Torbjørn Letrud frå Tomrefjord med sin 36 fots havseglar «Kaura». Bjørn og Trond

hadde møtt møtt i Kristiansund.

Det gjekk i sol og smul sjø til vi hadde passert Teistklubben, og nærma oss det grunne farvatnet på innsida av Svar-toksen. Då slo det om til store dønningar, motvind og grov sjø. Vi kjempa oss over strekninga på utsida av Farstadstranda, men ved Storholmen gjekk vi på land og skifta til tørrdrakt både i robåten og i kajakken. Vi fekk ein strid tørn over resten av Hustadvika før vi godt over midnatt smatt inn i hamna i Bud. Der fekk vi middag og ei god natt om bord i seglbåten til Torbjørn.

Heim til Tomrefjord. Neste dag var vind og vêr framleis ikkje høveleg verken for robåtar eller kajakkar, men karane var lite lystne på å kome heim til Tomrefjord i drosje ... Trond og Bjørn rodde i motstraum og store bærer inn Julsundet og kryssa Romsdalsfjorden over til Tomrefjord, medan eg sa takk for meg før dei kryssa fjorden.

Etter nokre dagar pause for å delta på bryllaupet til Knut Marius Djupvik, gjekk turen ut Romsdalsfjorden med gjesteroar nummer 8, midtstoppar på Tomrefjord II, Hans Tore Djupvik.

Vidare utover sommaren følgde eg med på bloggen for å sjå korleis det gjekk vidare sørover kysten. Det tok si tid, for i stadig større grad kombinerte Bjørn roinga med spelejobbar. Han var også i studio for å spele inn ny musikk, denne gongen ein soloutgjeving med egne låtar på oppfordring frå produsent Damon Whittemore i Valvetone Studios.

Sakte med sikkert rodde han seg likevel nedover kysten med nye gjesteroarar. Han runda Stadt i roleg vêr, var innom båtbygger Hallgeir Forstrønen Bjørnevik i Os og Bergen, der Bjørn har slått seg ned saman med kjærast og sambuar Åse Britt Reme Jakobsen frå Lyngdal.



Bjørns høgdepunkt

Honningsvåg og Magerøya. Hadde fine dagar som værfast i Honningsvåg. Lars Christian og eg budde hos mi adopterte tante Inger Lise Helgesen, og vi deltok både i utelivet og på korfestival. Straum og vind gjorde at vi ikkje fekk ro rundt Nordkapp. Hammesjefen i Honningsvåg ville ikkje ein gong høyre om det, noko han uttrykte i forholdsvis fargerike vendingar. Natt til søndag 7. juni stilna det etter dagar med kuling, men på nordsida av Magerøya var det kraftig straum og store bærer, og det drog seg til med liten kuling då vi rodde ut Magerøysundet, og vi hadde svare strev med å kome oss framover. Havøysund var heilt uaktuelt, Måsøy var innanfor rekkevidd, men vi måtte gi opp etter kvart som vinden tappa oss for krefter. Til slutt fann vi le på ei sandstrand i Kullfjorden som låg i le, der vi fekk båten på land, og der vi kunne dra båten opp på land. Etter ein slik start var eg usikker på korleis turen vidare skulle gå!

Tromsø: Endre Ruset og eg hatt fine dagar med kryssing av Lopphavet, Kvænangen og Lyngen. Rett nok hadde vore litt vèrfast her og der, men vi hadde utelukkande hamna i hyggeleg selskap. I Tromsø overnatta vi hos min venn, Reidar Svare, som diska opp med god stemming og villaks.

Etappen Tranøy Fyr til Kjærringøy. Etapperekord med 54,6 nautiske mil, mao. 101 km med gjesteroar Haakon Zeiner.

Helgelandskysten/Ullvangsøy. Gjensyn med familien Tendeland Uhre på Ullvangsøy. Sonen i huset, Magnus, vart med vidare på roturen mot Brønnøysund. Etter at vi hadde passerte Dei 7 Søstre og Tjøtta, vart vi omgitt av skodde og det blåse kuling. Fekk manøvrert oss inn til ei øy, Sørøya, der vi fekk dratt båten på land. Ein av ambisjonane mine med turen var å overleve, derfor var dette eit høgdepunkt!

Værfast på Uthaug. Trond Kjersem og eg stoppa for ein matbit ei natt i Djupfest, Bjugn. Der vart vi kontakta av ein hyggeleg mann frå Måndalen som ville omvende oss. Vi takka for tilbodet og rodde vidare til Uthaug, der vi enda opp på krabbefest med sjoukar og journalistar frå Fosnafolket og Dagens Næringsliv.

Kristiansund-Bud.

Vi møtte heilt tilfeldig tomrefjordingen og seglaren Torbjørn Letrud på hamna i Kristiansund. Då det blåste opp til stiv kuling, fekk vi ein dag med segling. Neste dag kunne vi ro vidare til Bud, medan Torbjørn segla. Med litt ruskever over Hustadvika var det fint å kunne stige ned i kahytten, denne gangen også med Iver Gjelstenli, som var med frå Håholmen i kajakk.

Tomrefjord.

Eit opplagt høgdepunkt. Eg er veldig knytt til heimbygda mi, Tomrefjord. Etter to månader borte var det fint å møte familie og vener.

Stadten. Sambygdingen Hans Tore Djupvik og eg var og fekk gode nok forhold til å kunne krysse Stadten. Dei enorme klippene som går rett i havet, hadde vore i tankane mine heilt sidan vi kasta loss i Honningsvåg.

Bergen. Min andre heim. Kjarasten min, Åse Britt, hadde vore på segltur i eit halvt år. Det var fint å få vere i lag med henne også.

Lista. Eg hadde rodd litt i mørket før, i alle fall i skumring. Men å ro og manøvrere i timevis over morild og under stjernhimmelen var ei ny erfaring for meg. Svært stemningsfullt.




Start i Haugesund. «Bjørn på langs» var framme i Haugesund, då eg fekk den overraskande telefonen, og tidleg måndag formiddag 28. september møtte eg Bjørn i ei småbåthamn midt i Haugesund by. Herfrå til Lindesnes er det 100 nautiske mil i luftlinje. Det kan sikkert vere 130 - 140 nautiske i «robåtlinje», og som landkrabbe må eg sjølvsagt gonge med 1,852 for å få kilometer. Det blir om lag 250 kilometer det. Og eg som knapt nok har rodd sidan eg var gutunge saman med pappa Ingvald og onkel Jakob på ein og annan sjøturen på Rekdal for godt og vel 50 år sidan. Korleis skulle dette gå?

Den første økta var rimeleg grei, 500 meter roing inne på hamma for å finne ein matvarebutikk. Og med posar fylte med Fjordland-middagar, pålegg, mjølk,


appelsinsaft og julebrød (det såg så freistande ut!) rodde vi medstraums og med moderat motvind ut Karmøysundet. Dette går leikande lett, tenkte eg. Etter ein kort stopp i sundet mellom Bokn-øyane, vender både landskapet, vinden og havstraumane seg mot oss. Vi skal over Boknafjorden, men for landkrabben på andretofta ser det ut meir som eit hav. Strekninga over til Rennesøy på den andre sida av fjorden er på godt og vel 10 km. I tillegg må vi slåst med kraftig motstraum, aukande vindstyrke og stadig større bølger skrått mot oss. Dessutan er fjorden full av ferjer og store skip på veg ut og inn frå Kårstø. Ein strid tørt! Det var mørkt då sjoen endeleg stilna i ly av odden ved ferjeaia på Rennesøy, og ved hjelp av sjøkartet og



Navigering: Bjørn Tomren finn fram med sjøkart på mobilen.



Utakt: Eksempel på Jæren.



Hustadvika: Bjørn Tomren og gjesteroar Trond K

googlemap på mobilen finn høvedsmann Bjørn fram til ei fin hamn. Vi avsluttar dagen med julebrød, brunost og mjølk før vi rullar ut liggeunderlag (det same som er sitteunderlag medan vi ror) og soveposane rett på bryggeplankane. Eg har hatt min første rodag og sovnar inn under stjernhimmelen. Eit godt liv!

Landligge i Stavanger. Neste dag er vèret endå verre, men vi slit oss over Kvitøyfjorden til Tungeneset på tre timar med sjøskvett og motbør. Der legg vi båten i hamn. Utanfor Tungeneset går bølgene store, og Yr melder 13 meter per sekund på Utsira. Vi satsa på bylivets gleder, og haikar til Stavanger med ein hyggeleg kar, landsbrukssjef Atle Barkved i Klepp kommune. Det blir ein

triveleg ettermiddag med høge hamburgarar, godt øl og Bjørn gir meg eit innføringskurs i endå «ein ting Iver ikkje kan», biljard. Etter nokre timar ved biljardbordet og bardsken ordar han fram på om at snooker bør bli neste trinn på mi utvikling som menneske...

Kvelden blir avslutta med barbesøk og kveldsmat med godt tilbehør og triveleg lag heime hos Bjørns gode ven, Bjørn Bleie, der vi også overnatta. Då eg vakna dagen etter kan Bjørn informere meg om at vi brukte kvelden i går til å legge ein gigantisk plan for neste sommar. Vi skal padle rundt Spitsbergen på Svalbard. Det var ukjent for meg, men det stemmer sikkert. Eg blir ofte litt gløymst etter harde roturar og god kveldsmat.



å ukoordinert roing utanfor Kvasseheim på

FOTO: THOR HATLEM



Vottar: Gode tova ullvottar er det beste for unngå såre hender når du ror. Eg sender ein takk til ho som strikka dei, Oddlaug Herje Hovdenak!



Blemmer: Bjørn hadde gløymt ullvottane på dei siste tre dagane...



Jærsemer passerer Skotten og Farstad på dagsetappen frå Kristiansund til Bud.

Etter ein god og kraftig frukost, tar vi drosje til Tungeneset der sjøen har roa seg. Vi har framleis straumen i mot, men gjer likevel god fart langs Jæren-strendene, rundar Jæren rev og i skumringa smett vi inn i den lune hamna på Obrestad. Ein skikkeleg langdag, 10 timar og 30 - 40 sjømil.

Dermed var denne delen av «Bjørn på langs» over, båten blir trygt fortøydd og ein lokal fiskar lovde å sjå etter han medan vi er borte. Bjørn har fleire spelejobbar dei næraste dagane, og det er meldt styggevær. Også her på Jæren har Bjørn ein god ven å ringe til. Snart kjem Gjert Lillejord Birkeland, ein triveleg vossing som har flytta til Orre på Jæren for å surfe, for å hente oss og utstyret vårt. Vi får ein triveleg kveld og ei god

seng heime hos Gjert og familien hans før vi flyg kvar til vårt.

Gjestfrie folk på Kvasseheim. Eg hadde i grunnen tenkt at dette var nok for ein uerfarene landkrabbe, men på flyet på veg heim til Molde forstod eg at eg var hekta. Eg lengta alt tilbake til knirkinga av årane mot keipane, den rytmiske og meditative roinga og lyden av strupesong og jodling frå hovedsmann Bjørn på framtofta. Tolv dagar seinare mønstra eg på for andre gong, og måndag 12. oktober sette vi kursen mot sør igjen. Målet var Lindesnes i god tid før det mørkna onsdag 14. oktober. «Bjørn på langs 2015» skal fullførast.

Vi kom alt for seint i gang, og fekk berre tre timar ved årane før dagen var

omme. Det var i ferd med å bli mørkt då vi nådde fram til hamna på Kvasseheim. Surt og kaldt var det også, medan vi gjekk om kring og kjende på låste dører på turistanlegget ved fyrret. Det var ikkje særleg freistande å sove under open himmel i kveld.

– Det er lys i huset der borte. Eg bankar på for å høyre om det går an å leige rom på fyrret, seier den alltid sosiale og initiativrike Bjørn.

Eg blir ståande i bakgrunnen medan Bjørn står ved trappa og snakkar med ein mann som kjem ut i dørøpninga.

– Nei, dei startar ikkje med utleige før til neste år. Men de har kanskje telt? spør mannen.

– Nei, berre soveposar og ein presenning, svarer Bjørn.

– Nei, vel ...

– Vi er ute og ror Norge på langs, begynner Bjørn å forklare, men bråstoppar midt i ei setning og ser grundigare på mannen i dørøpninga:

– Har ikkje vi møtt kvarandre før?

– Det kan eg ikkje hugse ...

– Jau, visst. Du er teiknar og arbeider i ei avis.

– Ja, det stemmer, eg har jobba som teiknar i Jærbladet. Men eg er pensjonist no.

– Eg møtte deg for 10 år sidan. Då padla eg Norge på langs, og kom på land her. Det var dårleg vær, og eg fekk overnatte her i huset hos deg og kona di.

– Ja, når du seier det, så ... Mannen, snur seg og ropar inn til kona si.





Kvassheim-Lista: Bjørn Tomren og Iver Gjelstenli ved Kvassheim på Jæren. Dagens etappe går til Lista, og er nest siste dag før ankomst Lindesnes.

FOTO: TOR ATLE HATLEM



Landligge: Bjørn underviser gjesteroar nr. 13 i biljard.




Kvassheim: Vi fann både husom og hjarterom heime hos Arnhild og Thor Hatlem.



Helsing: «God tur, og guds velsigning», sa ho, denne kvinna til oss før vi la ut frå Borshamn på Lista.



Roaren: Bjørn Tomren har rodd rundt rekna 700.000 åretak i sommar.



Tomrefjording: «Du kan ta ein tomrefjording ut av Tomrefjord, men ikkje Tomrefjord ut av ein tomrefjording.» (Sitat Bjørn Tomren på Lindesnes)



– Det er to roarar her. Dei kan vel sove på gjesterommet?

Kort tid etter sit vi benka rundt kjøkkenbordet i den trivelege heimen til Atle og Arnhild Hatlem. Heimelaga fiskekaker kjem på bordet, og utover kvelden går praten om roing og det gode liv ved kysten. Kaffi og portvin, jodling og strupesong. Eit godt liv! igjen!

Klokka 6 vaknar vi av den herlege lukta av egg og bacon, og to timar seinare ror vi ut med snekka til Atle og Arnhild som fotograferande følgjebåt den første halvtimen.

20 timar ved årane. Det skulle vise seg at vi hadde godt av ei god natt i varme senger og kraftig kost. For denne økta var ikkje over før vi hadde rodd i 20 timar. Då var vi framme på Lista etter ein dag med stort sett roleg sjø, men igjen sterk stram i mot.

Det var ei rar kjensle å ro time etter time i mørket, og her var det ikkje lange jærstrender, men bratte sjøklipper, holmar, skjær og fluer som stilte store

krav til Bjørns jobbing med karta på mobiltelefonen. I tillegg måtte vi lytte og lyse med hodelykter når vi hørde uvande lydar i sjøen omkring oss.

– Kva er det? Vi er langt frå land, og høyrer at sjøen går som ei elv. Etter kvart ser vi det også.

Vi siktar oss inn mot land for å kome ut av den stride straumsjøen. Bjørn skjønner etter kvart kva vi har kome midt oppe i.

– Dette må vere den berykta Ána Sira-straumen som kjem frå elva som renn ut i fjorden her. Eg hugsar godt at far átvara meg om dette då eg padla Norge på langs i 2005. Mindre fartoy kan bli skrudd ned av denne straumen, seier Bjørn.

Eg legg ekstra kraft i årane, og kjenner uhyggen sildre kaldt ned over ryggen min. Men snart er vi ute av det, og nærmar oss Lista der det store fyret roterer ut sine dramatiske lyssektorar. På slutten lyser vi oss frå brott til brott med hodelyktene, og når Bjørn til slutt har navigert oss inn på hamna, er klokka over fire om natta. Vi har rodd i vel 20

timar og tilbakelagt 40 nautiske mil i luftlinje, men vi rodde sjøvegen, og det blir nok ein del ekstra sjømil. Kanskje 80 – 90 km på landkrabbespråk? 20 minutt etter sloknar vi i soveposane på kvar vår benk i Borshamn på Lista.

– Dei kom visst roande i natt? Eg høyrer stemmer, og gløtter ut mot formiddagssola. Ein gjeng pensjonistar står og ser storøygd på oss. Eg ser på klokka, snart halv ti. Vi har sove i meir enn fem timar. Det er på tide å stå opp. Sjøarmøretappen til Lindesnes står for tur! Vi får i oss nokre brødsriver inne hos pensjonistane på Havnestua, og klokka 10 sit vi ved årane og ei eldre dame kjem ut på brygga og helsar god tur på ein måte som nok berre skjer her på Sørlandet:

– God tur og Guds velsigning!

Målgang i mørke. Slik starta dagen der vi skulle cruise inn til Lindesnes, men motvind, motstram og ein lang omveg innanskjærs gjer at 18 nautiske mil blir til minst 25 (47 km) og derfor var det

NORGE PÅ LANGS

- **1951:** Norske speidarar gjekk Norge på langs som ein stafett frå Lindesnes til Nordkapp.
- **1966:** Den første individuelle Norge på langs-turen vart gjort av Bjørn Amrød. Han gjekk til fots frå Lindesnes til Nordkapp i 1966. Han gjentok turen på ski i 1972.
- **Bjørn Tomrens Norge på langs:**
- **2005:** Bjørn Tomrens første Norge på langs-tur. Han padla med havkajak frå Lindesnes til Nordkapp.
- **2008:** Fottur frå Lindesnes til Nordkapp.
- **2013:** Skitur frå Lindesnes til Nordkapp.
- **2015:** Rotur med ein oselvar frå Nordkapp til Lindesnes.
- **Bjørn Tomrens gjesteroarar på årets tur:** Lars Christian Vik, Helge Jæger, Endre Ruset, Håkon Zeiner, Pål Brynildsen, Magnus Tendeland Uhre, Trond Kjersem, Hans Tore Djupvik, Eivind Tolås, Kjell Magne Økland, Damon Whittermore, Kristian Linz, Iver Gjelstenli.
- Oldermann Hallgeir Forstrønen Bjørnevik frå Os i Hordaland er mannen som har bygd båten Bjørn Tomren rodde Norge på langs med. Han er ein av fire som driv med profesjonell bygging av oselvarbåtar. Han lagar båten på same måten som dei gjorde på 1700 talet.
- Nett: bjornpalangs.no

mørkt då vi nærma oss målet for «Bjørn på langs 2015» denne onsdagen 14. oktober klokka åtte om kvelden. Vi lyser med hodelyktene mot bølgen som slår mot fyret, og på land står Bjørn Drønen og Bernt Ivar Jakobsen og signaliserer med sine lykter. Vi siktar på dei, og ror rett mot noko som eg oppfattar som svart fjellveggen med kvitpiska bølger. Men det er ei opning der, forsikrar Bjørn, og snart er vi inne i den tronge hamna der Bjørns svigerfar, Bernt Ivar, og svoger, Bjørn, ønskjer oss velkomne.

Vi er framme ved målet. Bjørn Tomren har rodd Norge på langs frå Nordkapp i nord til Lindesnes i sør. 1150 nautiske mil, 2130 km, og 700.000 seige åretak.

Da manglar berre eitt spørsmål:

– **Kva føler du no?**

– Det er godt å ha komme fram til målet, men eg saknar roinga og livet i båten.

– **Og neste Norge på langs?**

– Det blir på einhjulssykkel!